

SKILNADEN MELLOM FOLK OG PØBEL

I

Den 29. april i året 1636 blei det reist sak på tinget i Småland mot ein gammal mann som heitte Ingemar i Öna. Tiltalen gjekk ut på at han hadde «lätit falla någre otilbörlige ordh». Men det Ingemar eigentleg hadde gjort, var å gjenfortelja ei gammal antiføydal bondesegn. Denne segna om hunehæren, som den blir kalla, finst i mange nordiske kjelder, og er også knytta til det tyske bondeopprøret under reformasjonen. I alle variantane fortel segna om ein bonde som blir krenka av styresmaktene. Bonden skaffar seg ei kølle med jernspiker, slår plageånda i hel, mobiliserer til opprør og går mot styresmaktene i heimlandet. Men først når bondehæren når fram «til Roma port», er undertrykkarane slegne og sigeren vunnen. I 1636 risikerte Ingemar i Öna dødsstraff berre for å gjenfortelja denne segna.

Den norske folkelivsgranskaren Svale Solheim har spora segna om hunehæren heilt tilbake til folkevandringstida og til folkenamnet hunane. Opp gjennom hundreåra blei den omforma til eit antiføydalt og antipapistisk kampprogram for bøndene. Hunehæren blei bondehær og frigjøringshær. Både i Sverige og Norge levde segna i munnleg tradisjon heilt fram til andre halvdel av 1880-tallet. Svale Solheim mener at den spela ei rolle for den tidlege arbeidarrørsla i Norden. Forfattarar som Ernst Bloch og E. P. Thompson har tatt utgangspunkt i same tradisjonen og tenkt i liknande banar. Sjølv i dag, mot slutten av nittitalet, kan vi sjå motiv frå segna om hunehæren i zapatistopprøret i Chiapas og andre frigjeringsrørslar i Latinamerika.

II

I flokk og følge har europeiske intellektuelle dei siste par tiåra avsverga marxismen og alt som har med det historiske venstre å gjera og slutta fred med den liberale kapitalismen under meir og mindre postmodernistiske forteikn.

For å få til dette, har det vore naudsynt å erstatta ideen om det gode og byggande «folket» med den irrasjonelle og førrevolusjonære «pøbelen». Medan «folket» uttrykte seg politisk i språket til det borgarlege demokratiet, ytra det Norman Cohn kallar den «kvasiapoklyptiske fantasien» i folkedjupet seg som ei endelaus rekke av bondeopprør, hunehærar, millenarisme og utopisme frå tidleg middelalder fram til nazismen og kommunismen i det 20. århundret.

Tidstypisk nok blei Cohns kaldkrigstraktat frå 1957 (*Jakten på tusenårsriket*) utgitt igjen på norsk i 1999, i uendra utgåve, og blei møtt med jubelrop frå alle hald. Ingen tilvisingar til forfattarar som Bloch, Solheim eller Thompson fekk utfordra denne «vulgaritet som kjenneteiknar alle sosiale grupper som oppfattar seg sjølve som elite, og derfor trur dei kan utelukka alle andre, medan dei i røynda utelukkar seg sjølve frå røynda» (Claudio Magris, *Donau*, 1986).

Når ein på denne måten demoniserer folket under utnamn som pøbel, masse, horde, mobb, vil det seia det samme som ein lukkar det vi kan kalla den utopiske horisonten for politisk endring. Dette er den totalitære lengselen ved den ideologiske situasjonen som blir kalla postmodernisme. Politikken hersar som kjent særleg totalitært med dei som prøver å gøyma den.

III

I *Europeiska missnøjets grunder*, Fjärde brevet (1838-1850) har den svenske atten hundretalsdiktaren Carl Jonas Love Almquist dette å seia om

SKILLNADEN EMALLAN FOLK OCH PÖBEL

«Nei, min vän; alle, som bo i ett land, utgöra vad jag menar med folket.

Alle, som bo i ett land, utgöra dess befolkning; men när man ifrån hela befolkningen avdrager pöbeln, då återstår det, som er folket. ...

Nuväl. Vi hava två slags pöbel, en förklädd och en uppriktig.

Runt omkring oss gå först och främst skaror av förklädd pöbel. Dit höra de, som anse sig förnäme, kalla sig lärde, tro sig frisinnige, utan att vara det. Sådane hava ej ädelmod i själens grund; därför äro de icke rätt förnäme, ej adlige i andlig mening. ... Fernissornas tidevarv är dock slut. Den förklädde pöbeln går att bliva känd; den skall mer och mer avklädas in på bara kroppen.

Den övriga, eller oförklädde pöbeln, är uppriktig. Var och en igenkänner den, barn kunna peka därpå, och den ärkänner sig själv. Denna pöbel är ohygglig, ryslig; men den är mindre föraktlig än den förklädda.»

IV

Rune Skarstein veit forskjellen mellom folk og pøbel. Få har standhaftig som han arbeidd for å politisera, ikkje demonisera folkets motstand, utopiens ånd og prinsippets håp. Derfor denne helsinga i dag, til ein som ikkje bøyer seg for den politiske lågkonjunkturen, og dermed heller ikkje er med på å forlenga den i det uendelege.